



Betel Søndagskule  
Arvid Valdersnes  
5939 SLETTA

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/41 - 17/4670

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
10.04.2017

## Informasjon til lag og organisasjonar - april 2017

### Tilskotsordningar

#### Driftsmidlar til lag og organisasjonar

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Tilskotet skal dekkja driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpande utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april.

#### Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg- og anlegg

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringar i eigne kulturbygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til eigne kulturbygg og -anlegg

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april

#### Tilskot til lokale kulturbygg

Tilskot til lokale kulturbygg skal vere med på å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/>

Søknadsfrist i Radøy kommune er i 2017 15. april.

#### Midlar til arrangement under nynorskdagane

Radøy kommune skal arrangera nynorskdagar i veke 39. Målet med nynorskdagane er løfta fram nynorsken ut mot innbyggjarane i kommunen og blant dei tilsette i kommunen. Born og unge er eit satsingsområde for nynorskdagane.

Det er sett av 10 000 kroner som lag og organisasjonar kan søkja om til arrangement under nynorskdagane. Søknaden skal innehalda skildring av tiltaket, budsjett og finansieringsplan. Søknaden kan sendast [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no) eller Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger. Søknadsfrist er 15. mai.

## **Kystsogevekene**

Fristen for å melda inn arrangement til kystsogevekene er i år tidlegare enn den pleier. Me ber alle som ynskjer å ha eit arrangement i Radøy kommune under kystsogevekene om å ta kontakt med rådgjevar kultur Bente K. Hervik på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12 innan 27. april.

## **Cato Plettens minnefond**

Lag og enkeltpersonar kan no koma med forslag på kandidatar til å få stipend frå Cato Plettens minnefond. Styret i minnefondet skal kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent innanfor dei ulike kulturaktivitetane som er i Radøy, anten som utøvar eller administrator/leiar. Vedkomande må bu i Radøy og vera 17 år eller yngre i tildelingsåret. Kvart stipend skal vera på mellom 2000 og 5000 kroner, og kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av talentet sitt.

Forslaga må innehalda namn på kandidaten, grunngjeving av forslaget og namn på forslagsstillar. Frist for innsending av forslag er 1. mai 2017.

Send ditt forslag til ordførar Jon Askeland, Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER eller på e-post til [jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)

## **Representantar til nytt ungdomsråd**

Det skal veljast nytt ungdomsråd. Lag og organisasjonar og andre kan koma med forslag til kandidatar som går på vidaregåande skule. Ungdomane må vera fødd 1997-2001.

Forslag med namn på kandidat og grunngjeving kan sendast ungdomskoordinator Katarina Birkeland, e-post: [katarina.birkeland@radoy.kommune.no](mailto:katarina.birkeland@radoy.kommune.no), innan mandag 5.juni.

God påske☺

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

